



Berekraftfylket Møre og Romsdal

Program for eit berekraftig fylke



Berekraftprofil

U4SSC KPI rapport

Møre og Romsdal

Mai 2021



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Forord

Kommunar og fylkeskommunar er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling og nå FN sine berekraftsmål i Norge. Kartleggingane som vert presentert i denne rapporten er gjort for å sikre felles kunnskapsgrunnlag i dette arbeidet for kommunar og fylkeskommune i Møre og Romsdal. Samarbeid og samordning av kommunar og andre aktørar vert gjort gjennom nettverket «[Berekraftfylket Møre og Romsdal](#)».

Denne rapporten er laga av Møre og Romsdal fylkeskommune og baserer seg på offisielle ITU (FN) rapportar for berekraftstatus i alle kommunar i Møre og Romsdal - og for fylket samla. Desse rapportane er tilgjengeleg på [heimesidene til ITU](#) og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Rapportane er basert på eit rammeverk og metodikk utvikla av «United for Smart Sustainable Cities (U4SSC) Initiative» etter ITU sine standardar og med formål å gje eit utgangspunkt for å utvikle smartare og meir berekraftige samfunn.

Kartleggingane gir ei oversikt over rapportert tilstand på omlag 100 ulike nøkkelindikatorar for smarte og berekraftige byar og samfunn. Samla gir dette ein «berekraftprofil» for kvar kommune og for fylket samla.

Resultata på fylkesnivå er basert på kartleggingar gjort i alle kommunar i Møre og Romsdal. Det er ikkje gjort egne kartleggingar på fylkesnivå.

Alle omsetjingar og tolkingar av resultata i denne rapporten er Møre og Romsdal fylkeskommune sitt ansvar. Resultat er henta direkte frå ITU sine rapportar. Alle offisielle ITU rapportar er tilgjengeleg på engelsk. Grunnlagsdata vil bli gjort tilgjengeleg når egne dataplattform er utvikla.

Når det gjeld offisielle namn og definisjonar på indikatorane, viser vi til ITU sitt eige metodehefte som er tilgjengeleg [her](#) (engelsk).

I metodeheftet vil ein finne:

- grunngeving for val av indikator;
- korleis indikatoren skal tolkast
- kva verdiar/utviklingstrekk blir vurdert som positive
- metodikk for å berekne verdien som skal rapporterast
- potensielle datakjelder
-

Kortversjon av inkatorar med forklaring ligg som vedlegg til rapporten.



Ole Helge Haugen

Seksjonsleiar Berekraft
Møre og Romsdal Fylkeskommune

Innhold

Forord	2
Introduksjon og bakgrunn	4
Resultat - innleiing	6
Resultat; Dimensjon og Sub-dimensjon	7
Samla resultat Møre og Romsdal – alle kommunar	8
Resultat bykommunar – Kristiansund, Molde og Ålesund (inkl. Sula og Giske)	9
Resultat «mindre» kommunar	10
Variasjon i rapportere data - kommunegrupper	11
Referansenivå og metode for å sette måltal	12
DIMENSJON: Økonomisk berekraft	15
DIMENSJON: Miljømessig berekraft	23
DIMENSJON: Sosial berekraft	28
Oppsummering resultat	35
Anbefaling tiltak og satsingar	36
Smart og Berekraftig VA sektor.....	37
Fattigdom og sosial inkludering	38
Sirkulær økonomi.....	39
Digitalisering off. sektor	40
Offentlege bygg – berekraftsertifisering.....	40
Lokalmat og mattryggleik.....	41
Berekraftfond – Møre og Romsdal	42
Forslag til vidareutvikling av indikatorsett	43
Regionmodellen	46
Eit kunnskapsgrunnlag for næringsutvikling	48
VEDLEGG	50
Resultat I forhold til referansenivå – nøkkelindikatorar. Grafisk alle - kommunar	50
Indikatorar engelsk/norsk med kort forklaring.....	54
Prinsipp for nasjonalt indikatorsett	60
ITU - Request to participate in the U4SSC Key Performance Indicators (KPIs) Project.....	61

Data som er samla inn gir grunnlag for «fylkesresultat» på 96 av 107 indikatorar. Av dei 11 indikatorane vi ikkje har tilstrekkeleg data på, er det 3 som gjeld alle kommunar. Det er altså berre for 8 indikatorar vi ikkje har klart å hente data i dei mindre kommunane.

Indikatorsettet **kan** nyttast av andre enn store bykommunar. Erfaringa viser at nokre (få) indikatorar ikkje er like relevante for meir rurale kommunar, og det bør utarbeidast tilleggsindikatorar, eventuelt supplerast med anna statistikk på nokre område. Det er likevel vår oppfatning at det ikkje er andre omfattande indikatorsett som kan nyttast på same måte, og på same forvaltningsnivå (kommune) som U4SSC KPI.

Kommunane har fått tett oppfølging undervegs i arbeidet med datainnsamling via faste møter, felles dataplattform og individuell dialog med enkeltkommunar ved behov.

Kommunane har fått sjå gjennom og godkjent ITU rapportane før publisering, men alle analyser og tolkingar i denne rapporten står for forfattaren si rekning.

Kartlegginga er og støtta av samarbeidsforumet «[Bærekraftnettverket](#)» der norske kommunar og fylke har gått saman for å jobbe med berekraft.

Kartleggingane hadde ikkje vore mogleg utan finansiell støtte frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Sparebanken Møre.

NB: Begrepet kommune vert i denne rapporten nytta både om kommuneorganisasjonen og om eit geografisk avgrensa samfunn. Indikatorane er på samfunnsnivå, men det er kommuneorganisasjonen som har stått for datainnsamling.



Resultat - innleiing

Kvar indikator utgjer ein del av eit holistisk (heilskapleg) bilde av byens/kommunen sin status på alle dei tre berekraftdimensjonane:

- ØKONOMI
- MILJØ
- SOSIAL


















Innanfor kvar dimensjon er det underdimensjonar og kategoriar som fokuserer på meir spesifikke tema. Dei tre dimensjonane er vidare inndelt i tjueto kategoriar:

- IKT-infrastruktur
- Vann og avløp
- Drenering
- El-forsyning
- Transport
- Offentleg sektor
- Innovasjon
- Sysselsetting
- Avfall
- Bygningar
- Arealplanlegging
- Luftkvalitet
- Miljøkvalitet
- Offentlege rom og natur
- Energi
- Utdanning
- Helse
- Kultur
- Bustadpolitikk
- Sosial inkludering
- Sikkerheit
- Matsikkerheit


Merk: Følgande kategoriar er rapportert både under Økonomi- og Miljødimensjonen.

- Vann og avløp
- Avfall

Resultat; Dimensjon og Sub-dimensjon

DIMENSJON	SUB-DIMENSJON		
 <p>ØKONOMI</p>	 <p>IKT/digitalisering</p>  <p>(IKT infrastruktur, Vann og Avløp, Drenering, El-forsyning, Transport, Offentlig sektor)</p>	 <p>Produktivitet</p>  <p>(Innovasjon, arbeidsmarked)</p>	 <p>Infrastruktur</p>  <p>(Vann og Avløp, El-forsyning, Transport, Avfall, Bygninger, Byplanlegging)</p>
 <p>MILJØ</p>	 <p>Miljø</p>  <p>(Luftkvalitet, VA, Renovasjon, Miljøkvalitet, Offetlege rom og natur, Energi)</p>	 <p>Energi</p>  <p>(Energi)</p>	
 <p>SOSIAL</p>	 <p>Utdanning, Helse og Kultur</p>  <p>(Utdanning, Helse, Kultur)</p>	 <p>Sikkerhet, Boligpolitikk og Sosial inkludering</p>  <p>Boligpolitikk, Sosial inkludering, Sikkerhet, Matsikkerhet</p>	

Samla resultat Møre og Romsdal – alle kommunar




- 95%+ Target
- 66-95% of Target
- 33-66% of Target
- Less than 33% of Target
- No Data or No Target
- Data Reported, No Targets Yet Available

Merk: Referansenivå og måltal gjeld alle deler av figuren. Frå sentrum: Dimensjon, Kategori og Nøkkelindikator.

Resultat bykommunar – Kristiansund, Molde og Ålesund (inkl. Sula og Giske)

Figuren viser akkumulerte resultat for kommunane Ålesund (inkludert Giske og Sula), Kristiansund og Molde.




Merk: Referansenivå og måltal gjeld alle deler av figuren. Frå sentrum: Dimensjon, Kategori og Nøkkellindikator.

Resultat «mindre» kommunar

Figuren viser akkumulerte resultat for 21 “mindre” kommunar i Møre og Romsdal:


Aukra, Aure, Averøy, Fjord, Gjemnes, Hareid, Herøy, Hustadvika, Ørsta, Rauma, Sande, Smøla, Stranda, Sunndal, Surnadal, Sykkylven, Tingvoll, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda



Merk: Referansenivå og måltal gjeld alle deler av figuren. Frå sentrum: Dimensjon, Kategori og Nøkkellindikator.

Variasjon i rapporterte data - kommune grupper

Samla resultat for bykommunane vart samanlikna med samla data for "mindre" kommunar. Figuren viser variasjon i gjennomsnittlege verdiar mellom dei to kommune gruppene og kva som faktisk blei rapportert på indikatornivå.







Referansenivå og metode for å sette måltal

Som del av "U4SSC KPIs project" (KPI = nøkkelindikator) er det utvikla måltal (targets) for dei fleste nøkkelindikatorane. Dette for å etablere eit rammeverk for korleis kommunar kan rapportere på kor berekraftige dei er.

Måltala er lik for alle byar og kommunar (internasjonalt) og er fastsett ut frå fleire faktorar:






- oppfylle det relevante berekraftmålet (FN)
- resultat samanlikna med andre internasjonale og multinasjonale standardar (t.d. OECD, EU)
- resultat i forhold til mål sett av FN-organisasjonar (t.d. ITU)
- vurdering av kommunen sitt resultat basert på FN og andre internasjonale fora sine data, og
- resultat målt mot leiande kommunar og byar internasjonalt (best practice)

Måloppnåing er ut frå dette rangert i fire nivå for kvar nøkkelindikator og datapunkt. I tabellane i denne rapporten er dette illustrert slik.

Måloppnåing			Score	Score illustrert (resultat)
0 – 33 %	av måltal	1 poeng	1.0 – 1.9	
33 – 66 %	av måltal	2 poeng	2.0 – 2.9	
66 – 95 %	av måltal	3 poeng	3.0 – 3.9	
95+ %	av måltal	4 poeng	4.0	

I kvar «score-rubrikk» står det i tillegg til farge også eit tal. Dette talet representerer gjennomsnittleg score for alle kommunane i Møre og Romsdal. Dette gir rom for å analysere resultatane betre enn dei nokså grove kategoriane gir moglegheit for. Kommunane kan samanlikne sine score med gjennomsnittleg score for alle kommunar for å finne ut kvar ein ligg i høve andre kommunar. Dataselskapet Atea har i samarbeid med U4SSC/ITU under utvikling ei dataplattform som vil gjere det mogleg å analysere dataene ennå meir grundig. Målet er at dette skal vere på plass og tilgjengeleg for kommunane i løpet av 2021.

Ei viktig nyvinning med denne regionale kartlegginga er at vi kan samanlikne bykommunar med mindre og meir rurale kommunar. Det er i samband med samanstillinga av resultat for heile fylket gjort ei berekning av variasjon i resultat for dei to kommunegruppene, bykommunar og «mindre kommunar». Dette er i tabellane illustrert slik:

Liten forskjell	+/- 10 % forskjell	
Noko forskjell	+/- 10 -25 % forskjell	
Stor forskjell	+/- 25 -50 % forskjell	
Svært stor forskjell	+ 50 % forskjell	
	Ikkje rapportert av mindre kommunar	
	Ikkje rapport av bykommunar	

Resultata for kvar rapporterte KPI og datapunkt er lagt saman for å gi eit prosentsscore for kategoriar, underdimensjonar og dimensjonar og er rangert basert på dei ovannemnte målpønga. Nøkkelindikator eller datapunkt som ikkje er rapportert eller som ennå ikkje har måltal er ekskludert.

Eksempel: Utdanning 4 nøkkelindikatorar

- Dersom det er rapportert på alle 4 og poenga er: 1 poeng, 3 poeng, 4 poeng og 1 poeng; Samla 9 poeng av 16 moglege = 56,25% rangert som 33 - 66% av målet. ■
- Dersom det berre er rapport på 3 og poenga er: 3 poeng, 4 poeng og 2 poeng; Samla 9 poeng av 12 moglege = 75% rangert som 66 - 95% av målet. ■

Måltal og poeng er meint å gi KPI-data ytterlegare kontekst og bør brukast i samanheng med lokale mål og sett opp mot andre samanliknbare byer og kommunar. Resultata bør tolkast i ein lokal, regional og nasjonal kontekst i tillegg til den internasjonale som er lagt til grunn frå ITU.



Foto Ole Helge Haugen

Resultatevaluering

Indikatorsettet som er brukt i denne kartlegginga er utvikla av FN/ITU i samband med «United for Smart Sustainable Cities Initiative» (U4SSC). Dette initiativet er definert slik på [ITU sine nettsider](#)



United 4 Smart Sustainable Cities

The “United for Smart Sustainable Cities” (U4SSC) is a UN initiative coordinated by ITU, UNECE and UN-Habitat, and supported by CBD, ECLAC, FAO, UNDP, UNECA, UNESCO, UNEP, UNEP-FI, UNFCCC, UNIDO, UNOP, UNU-EGOV, UN-Women and WMO to achieve Sustainable Development Goal 11: "Make cities and human settlements inclusive, safe, resilient and sustainable".

U4SSC serves as the global platform to advocate for public policy and to encourage the use of ICTs to facilitate and ease the transition to smart sustainable cities.

Indikatorsettet dekker dei tre dimensjonane av FN sine berekraftmål, men har med utgangspunkt i formålet tyngdepunktet i den økonomiske dimensjonen, særleg mål 11 - Berekraftige byar og lokalsamfunn. Indikatorsettet er primært tilpassa større byar, og meir rurale kommunar vil derfor ikkje ha data for enkelte av indikatorane eller dei er mindre relevante for desse. Dette var ei kjent problemstilling før vi starta arbeidet men kartlegginga, og erfaringane vil vere viktige i det vidare arbeidet med å utvikle gode og funksjonelle indikatorsett for berekraft for alle deler av samfunnet.

Indikatorsettet er ikkje å betrakte som ei fullstending kartlegging av berekraftstatus i ein kommune. Resultata bør supplerast med anna statistikk og tolkast med lokal kunnskap. For enkelte område er ei vidare kartlegging av årsaker og meir i detalj nødvendig for å få eit kunnskapsgrunnlag som gir grunnlag for strategiar og handling

Resultata frå denne kartlegginga må tolkast ut frå det faktum av dei ulike berekraftmåla gjensidig påverkar kvarandre, og at 2030 Agenda forpliktar det internasjonale samfunnet til: *“achieving sustainable development in its three dimensions—economic, social and environmental—in a balanced and integrated manner”*.



Statistisk sentralbyrå
Statistics Norway

Bærekraftig utvikling hviler på tre grunnpillarer:

- Økonomiske forhold
- Sosiale forhold
- Miljøforhold

Kjernen i bærekraftig utvikling er nødvendigheten av å behandle de tre grunnpillarene i sammenheng. Økonomiske, sosiale og miljømessige forhold henger uløselig sammen. Alle tre må være tilfredsstillende ivaretatt, over hele kloden.

DIMENSJON: Økonomisk berekraft














Dimensjon	Prosentsscore av maks. score	Tal indikatorar	Maks. score	Oppnådd score
Økonomi	62.2	45	180	112
Sub-dimensjon	Prosentsscore av maks. score	Tal indikatorar	Maks. score	Oppnådd score
IKT/Digitalisering	61.7	15	60	37
Produktivitet	54.2	6	24	13
Infrastruktur	64.6	24	96	62

Samla for økonomidimensjonen scorar Møre og Romsdal «gult» altså ein score på mellom 33 -66 % av måltal. Scoren (62,2%) ligg høgt på denne skalaen, men det er ein veg å gå før vi kjem over i ein høgare kategori. Ein skal og merke seg at kartlegginga for dei mindre kommunane vart gjort etter «nedstenginga» av Norge 12.mars 2020. Dette har gitt utslag i svak score på arbeidsløyse, noko som har påverka den samla scoren noko i negativ retning. På økonomidimensjonen scorar gjennomgåande dei mindre kommunane svakare enn by-kommunane. Delvis har dette si forklaring i forhold knytt til pandemi og arbeidsmarknad, men vi ser og at dei mindre kommunane er kome noko kortare på område som innovasjon og digitalisering av offentleg sektor.

Analyserer ein resultatata etter sub-kategoriar ser vi at særleg «produktivitet» trekker ned det samla resultatet. Dette vert analysert meir i detalj nedanfor:

DIMENSJON: Økonomisk berekraft forts....

KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
IKT INFRASTRUKTUR 	Internettdekning husholninger			
	Brebåndsdekning - fastlinje			
	Mobildekning/abonnement			
	4G - dekning			
	3G - dekning			
	WIFI i offentlige områder	NA		



















Indikatorane i kategorien IKT infrastruktur viser i kva grad innbyggjarar og næringsliv kan ta del i «informasjonssamfunnet».

Det er ein direkt samanheng mellom dette og økonomisk vekst og utvikling. Nedstenging og restreksjonar i forbindelse med COVID har vist kor viktig dette er for samfunnet. IKT infrastruktur er også heilt avgjerande for å kunne ta i bruk ny og «smart» teknologi, og nye forretningsmodellar.

Kommunane i Møre og Romsdal har gjennomgåande god score på IKT infrastruktur, noko som opnar for å ta i bruk ny teknologi. Sjølv om kommunen har god dekning på t.d. breiband, seier målingane ikkje noko om kvalitet og kapasitet på nettet. Kommunar/område med låg hastigheit må ta omsyn til dette i si tolking av resultatata. Ein meir avansert indikator som har omsyn til dette kan være relevant for Norge.

Når det gjeld opne datanettverk i offentlege område er dette noko meir variert. Her synes enkelte kommunar å ha så låg score at løysingar og tiltak som krev slike opne nettverk neppe let seg gjennomføre (NB: sjølv om det ikkje er måltal på denne indikatoren kan kommunane analysere eigne tal og samanlikne med andre kommunar.)

DIMENSJON: Økonomisk berekraft forts....

KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
VA Vann og avløp 	Smarte vannmålere			
	Vannforsyning IKT-overvåking			
	Vannforsyning - basis			
	Drikkevannsforsyning			
	Vanntap i ledningsnett			
	Avløpsvann - oppsamling			
	Sanitærforhold - husholdninger			
Drenering 	Drenering/overvannsystem IKT-overvåking			














Tilgang på vatn/drikkevatt er godt ivaretatt i kommunane i Møre og Romsdal. Hushaldningane i fylket har og gode sanitærforhold. Det er likevel nokre indikatorar ein scorar svært lågt på. Innføring av «Smarte vannmålere» er ikkje kome langt her i fylket, og det same gjeld overvåking av overflate- og flaumvatn. Med den registrerte, og varsla auken i flaum og overflatevatn synes systema ikkje å vere tilstrekkelege rusta for å sikre eit akseptabelt beredskapsnivå.

Tap av vatn i leidningsnett er også svært høgt. Dette medfører auka kostnad for forbrukar samt fare for forureining i drikkevatt grunna brot på vatnleidningar. Desse resultatata går att for dei fleste kommunane, og er på eit nivå som vert vurderast som kritisk.

Vatn og avløp blir og målt under miljødimensjonen.




DIMENSJON: Økonomisk berekraft forts.....
























KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
El-forsyning 	Smarte elektrisitetsmålere	4.00		
	Elektrisitetsforsyning IKT-overvåking	3.89		
	«Demand Response Penetration»	1.86		
	Strømbrudd - frekvens	1.38		
	Strømbrudd - tid	3.76		
	Tilgang el-nett	3.90		

El-forsyning er godt utbygd og overvaka i fylket. Sjølv om samla tid med straumbrot er låg, viser målingane at talet på straumbrot er høgt i dei fleste kommunar berekna etter SAIFI* standarden. Vårt nett manglar og system for å styre forbruk/tilgang i høve til tilbodet i marknaden. I kva grad dette er kritisk må bransjen sjølv vurdere saman med sine kundar og kommunane. Eit element å ta omsyn til i dei lokale analysane er at manglande kapasitet i nettet kan vere hemmande for næringsetableringar og utbygging av ladeinfrastruktur.

*SAIFI (System Average Interruption Frequency Index) – a system index of average frequency of interruptions in power supply



DIMENSJON: Økonomisk berekraft forts....

KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
TRANSPORT 	Sanntidsinformasjon offentlig transport (holdeplasser)			
	Trafikkovervåking			
	Kryssingskontroll			
	Offentlig transportnett			
	Tilgjengelighet offentlig transportnett			
	Sykelsti			
	Transportmiddelfordeling (TMF) - Privatbil	*		
	TMF- Offentlig transport	*		
	TMF - Gange	*		
	TMF - Sykling	*		
	TMF - Bevegelseshemmede	*		
	Reisetidsindeks			
	Sykkeldeling			
	Bildeling			
	Lavutslippskjøretøy			

- Tal berre frå bykommunane

Transportsektoren er svært viktig i eit berekraftperspektiv. Dette er den kategorien der vi ser størst variasjon i score mellom «by og bygd» samtidig som tilgangen på data også varierer mykje.

Transportmiddelfordeling, altså kor stor del som køyrer eigen bil, tar buss, går eller sykklar, finn ein berre data på for byane, og desse dataene er heller ikkje verken ferske eller veldig nøyaktige. Det er innleia samarbeid med Statens Vegvesen sentralt for å sjå nærare på dette.







Mykje av variasjonen mellom byane og resten er naturlege variasjonar då transportinfrastrukturen er ulik i ein by og i meir rurale område. Resultata for den enkelte kommune må analyserast ut frå dette.

Vi ser av kartlegginga at bil- og sykkeldeling ikkje er særleg utbreitt i Møre og Romsdal. For bykommunane registrer vi at slike ordningar i noko grad er kome på plass etter at kartlegginga blei gjort. For dei rurale kommunane er det i liten grad utvikla eigna modellar for denne type delingsordningar, noko det kan være rom for å sjå på i pilotprosjekt.

System for trafikkovervåking og styring er heller ikkje utbreidd i fylket. Dette bør ein kunne sjå på om kan prøvast ut t.d. i arbeid med «[bypakkane](#)» i våre byar.






For transportsektoren er det i det vidare arbeidet med indikatorsettet naturleg å vurdere ulike indikatorsett for ulike kommunegrupper.

DIMENSJON: Økonomisk berekraft forts....

KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
OFFENTLEG SEKTOR 	Åpne data	NA		
	Åpne data			
	Digitalisering offentlige tjenester	NA		
	Offentlig sektor e-handel			

Grad av digitalisering i kommunesektoren varierer mykje i Møre og Romsdal, og i sum er resultatene relativt svake. Her skal det leggast til at tilgangen på gode data har vore noko vanskeleg, men i eit samfunn som ligg langt framme internasjonalt når det gjeld digitalisering burde kommunane score betre. Gjennom satsinga «Digi Møre og Romsdal» har kommunane starta dette arbeidet.

Når det gjeld innføring av e-handel varierer også dette kommunane mellom. Her vil vi og i det vidare arbeidet i Berekraftfylket sjå på i kva grad kommunane nyttar berekraft som kriterium ved innkjøp.










INNOVASJON 	FOU - utgifter			
	Patenter			
	Små og mellomstore bedrifter			

Å måle innovasjonsgrad i eit samfunn er krevjande, men talet på patenter og del SMB (små og mellomstore bedrifter) gir ein peikepinn. Supplerande statistisk materiale, som t.d. [fylkesstatistikk](#) og tal frå gründertenesta [hoppid](#) kan gje eit meir utfyllande bilde av situasjonen.

Pandemien, med påfølgande marknadsskift og endra rammevilkår viser at innovasjonsgrad og evne til omstilling i næringslivet blir stadig viktigare. Innovasjonskraft bør derfor ha ei sentral rolle i samarbeidsforum og prosjekt mellom off. sektor, akademia og næringsliv.



DIMENSJON: Økonomisk berekraft forts....




KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
ARBIDSMARKNAD 	Arbeidsledighet			
	Arbeidsledighet ungdom			
	Syssetsetting reiselivssektor			
	Syssetsetting IKT-sektor			

Tal arbeidsledige er registrert på ulike tidspunkt, før pandemien for byane og i starten av denne for dei mindre kommunane. I «normale» tider er ikkje arbeidsløyse ei stor utfordring i eit fleirtal av kommunane, men det er ei utfordring at deler av fylket har ei høgare ledigheit enn resten over tid.

Det relativt høge nivået på arbeidsløyse vi ser no er utfordrande, og det må truleg settast i verk tiltak, særleg overfor unge, for å sikre at nivået ikkje blir permanent.






I vekstnæringa reiseliv er syssetsettinga høg i mange kommunar i fylket, men for IKT er tilsvarande tal svært låge. IKT-arbeidsplassar er viktige for å skape ein attraktiv arbeidsmarknad for yngre med høg utdanning, men dannar og miljø som påverkar resten av samfunnet positivt i høve til digitalisering og omstilling. Det er viktig å nemne at det er IKT miljø knytt til anna næring i fylket, t.d. maritim næring som ikkje er med i desse tala. Det kan delvis vege opp for mangelen på «reine» IKT arbeidsplassar.

Fylkeskommunen sitt prosjektet med statlege arbeidsplassar til Møre og Romsdal kan til ei viss grad medverke til fleire IKT arbeidsplassar, men er åleine ikkje tilstrekkeleg for å kome opp på «grønt» nivå, truleg heller ikkje på gult.

KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
AVFALL 	Avfallsinnsamling			

Denne indikatoren viser at vi har eit godt utbygd system på avfallsinnsamling. Korleis vi behandlar avfallet kjem vi tilbake til under miljø -dimensjonen.

DIMENSJON: Økonomisk berekraft forts.....






KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
BYGNINGAR 	Offentlig bygning - bærekraftsertifisering			
	Bygningsautomasjonssystem (iBAS) i offentlige bygg			

Bygningar står for ein betydeleg del av klimagassutsleppa og ressursbruken i ein by eller kommune. Erfaringane med «berekraftsertifiseringar» viser at bygningar kor ein går gjennom prosessen med å sertifisere og der ein søker etter høgare sertifisering-nivå, generelt vil bruke mindre energi og vann. Slike bygningar viser og auka nivå på resirkulering og kompostering og opplevast meir behageleg for brukarane.

Sertifisering av offentlege bygningar kan vise kva som er mogleg og gå føre som gode eksempel for privat sektor.

Standardar som er inkludert er: BREEAM, LEED, CASBEE, BOMA BEST, BCA Green, Passiv hus, etc.

Dette er eit område der off. sektor i fylket kan gjere ein konkret innsats. Truleg treng en del av dei «mindre» kommunane «drahjelp» i dette arbeidet, og eit felles prosjekt på området bør vurderast.

KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
AREALPLANLEGGING 	Fotgengarsoner (bilfrie soner)			
	By- og tettstedplanlegging - Kompakt			






Fotgengarsoner (bilfrie soner) er områder av en by eller sentrum som er reservert for fotgjengere, med unntak for utrykkingskøyretøy, vareleveransar eller drosjer .

Dette er ein indikator som i hovudsak er relevant for sentrum av byar og større tettstader. Resultata må analyserast i ein lokal samanheng i den enkelte kommune .

For å fylle kravet om berekraftig byplanlegging må alle fem følgande spørsmål kunne svarast ut med «ja»:

- 1) Fortetting – unngå byspreiing
- 2) Samankopling – plassar og lokalsjonar må vere godt kopla saman
- 3) Integrasjon - funksjonsblanding i arealbruk
- 4) Sosialt inkluderande
- 5) Motstandsdyktig mot klimaendringar

DIMENSJON: Miljømessig berekraft



















 MILJØ	  Miljø <small>(Luftkvalitet, VA, Renovasjon, Miljøkvalitet, Offetlege rom og natur, Energi)</small>	  Energi <small>(Energi)</small>	
---	--	--	--

Dimensjon	Prosentsscore av maks. score	Tal indikatorar	Maks. score	Oppnådd score
Miljø	67.0	25	100	67
Sub-dimensjon	Prosentsscore av maks. score	Tal indikatorar	Maks. score	Oppnådd score
Miljø	68.2	22	88	60
Energi	58.3	3	12	7

Miljødimensjonen er gjerne den «folk flest» forbinder med berekraft. Her scorar Møre og Romsdal gjennomgåande godt, men det er berre på 8 av 25 indikatorar at vi scorar på nivå 4, dvs. +95% måloppnåing. Når vi og veit at det er ei mogleg feilkjelde på utslepp av klimagassar (sjå omtale neste avsnitt) ser vi at det framleis er mykje å strekke seg etter på miljødimensjonen.

By-kommunane scorar i sum betre enn resten av fylket. Eit av avvika er på behandling av avfall. Her må resultatane analyserast i ein regional setting, då avfallshandtering sjeldan skjer innafor grensene av ein kommune.

DIMENSJON: Miljømessig berekraft forts.....

KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
LUFTKVALITET 	Luftkvalitet - PM 2.5			
	Luftkvalitet - PM 2.5			
	Luftkvalitet - NO2			
	Luftkvalitet - SO2			
	Luftkvalitet - O3			
	Klimagassutslipp			














Kommunane i Møre og Romsdal rapporterer gjennomgåande om låge nivå på luftforureining. Når det gjeld utslepp av drivhusgassar er bildet noko meir blanda. Kommunar med eit stort innslag av industriverksemd (kraftkrevjande) scorar dårlegare på denne indikatoren enn kommunar med anna næringsstruktur. Høge utslepp er i seg sjølv uheldig, men må vegast opp mot andre berekraftsmål, t.d. sysselsetting eller at det ein produserer inngår i ein berekraftig verdikjede.

I dei lokale analysane må ein likevel vurdere utsleppskjeldene i høve til om produksjonen er optimalisert i høve til å redusere utslepp. Sjølv om det kan argumenterast for høge utslepp i forhold til andre indikatorar, kan ein ikkje sjå bort frå unødig høge utslepp.

Sjølv om utsleppa per i dag er relativt gode, gjer ambisjonane om kutt, både nasjonalt og internasjonalt at det må vesentlege kutt til for å nå måla framover.

NB: Etter at datainnsamlinga vart gjort har det kome fram at det er ei mogleg feilkjelde når det gjeld utslepp frå skipsfart. Det blei selt 674 millionar liter meir av typen drivstoff som kallast marine gassoljar i 2019 enn det som tidlegare er rapportert. Dette kan føre til justering av utsleppstal for kommunar med ein stor marin og maritim sektor. Feilen ligg hos SSB og ikkje hos kommunane som har gjort datainnsamlinga.

DIMENSJON: Miljømessig berekraft forts.....

KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
VA Vann og avløp 	Drikkevannskvalitet			
	Vannforbruk			
	Ferskvannforbruk			
	Avløpsrensing - Hoved			
	Avløpsrensing - Sekundær			
	Avløpsrensing -Tertiære			

Innhenting av data på området VA har for enkelte kommunar vore krevjande. Dette er ikkje data som er tilgjengeleg i opne datakjelder, men må innhentast frå relevant avdeling i kommunen eller frå kommunalt/interkommunale selskap. Det har vore rapport om både manglande data og manglande vilje på å levere data. Data for ei så viktig samfunnsområde burde vore gjort lettare tilgjengeleg.

Den einaste indikatoren med akseptabel score er drikkevattn-kvalitet. Forbruket av vatn er svært høgt, og reinsing/behandling av avløpsvatn er under internasjonal standard.

Held vi dette saman med resultatata vi fann på tap i leidningsnettet, viser resultatata at dette er ein sektor der det trengs ein ekstraordinær innsats for å kome opp på berekraftig nivå. Det er då viktig at utbetring og oppgradering blir gjort etter prinsipp for smart og berekraftig samfunnsutvikling. Det bør setjast strenge standarar for berekraftige løysingar og produkt.

Ein [rapport](#) utarbeida av Norconsult og SINTEF viser eit investeringsbehov i VA sektoren i Norge på 332 milliardar kroner dei neste 20 åra. Direktør Thomas Breen reiser med bakgrunn i dette spørsmålet om ikkje statlege tilskot bør vurderast for den storstilte satsinga mange kommunar står overfor.

Dette er ein sektor som er finansiert etter «sjølvkostprinsippet», dvs. via gebyr til forbrukar. Modellen er under kritikk frå fleire hald, og kritiske røyster hevdar den er til hinder for nødvendig oppgradering av infrastrukturen og effektivisering av sektoren. Gebyr på VA sektoren er i dag gjennomgåande høgare i rurale enn i urbane strom. Ein auke i gebyra grunna oppgradering/fornyng vil truleg forsterke denne tendensen og ytterlegare auke presset på sentralisering i Norge og vil kunne medføre usosial gebyrvekst.

I sin «Oppdragsgivers beskrivelse av oppdraget - mulighetsstudien 2021 for vann- og avløpssektoren» skriv regjeringa:

«Det er synliggjort et stort behov for fornying og renovering av ledningsnettet, og særlig det kommunale vann- og avløpsnettet. lekkasjetapet er i dag i gjennomsnitt på 30 prosent, i de verste tilfellene opp mot 60 prosent. Norge er dermed blant de dårligst stilte landene i Europa når det gjelder lekkasjetap. Lekkasjer kan føre til innsug av forurenset vann og dermed fare for at folk kan bli syke av drikkevannet, noe vi har sett eksempler på. Det er også behov for å bygge ut infrastrukturen for å håndtere overvann som følge av klimaendringene. Overvannsproblemer på det kommunale avløpsnettet fører til kjelleroversvømmelser, vannskader og ekstra belastning på avløpssystemet. Mye av overvannet havner i dag helt unødvendig i renseanleggene.»

DIMENSJON: Miljømessig berekraft forts.....






KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
RENOVASJON 	Avfallsbehandling - deponi			
	Avfallsbehandling - åpen brenning			
	Avfallsbehandling - forbrenningsanlegg			
	Avfallsbehandling - åpent deponi			
	Avfallsbehandling - resirkulert			
	Avfallsbehandling - annen			

Avfallshandtering er eit komplekst område å måle berekraft innafor. Resultata bør analyserast i dialog med lokale og regionale renovasjonsselskap. Ein bør og ta omsyn til «eksport» av avfall.

For stor del av avfallet går til forbrenning, men her er det stor skilnad mellom kommunane. Også her må ein ta omsyn til at avfallshandtering er «regional» og ikkje avgrensa av kommunegrensar.










Grad av resirkulering viser at det er felles utfordringar å ta tak i innafor dette området.

Ei anbefaling er at det vert gjort vurderingar av kor berekraftig avfallshandteringa er regionalt, avgrensa til dei geografiske områda som har felles avfallshandtering.

KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
MILJØKVALITET 	Stråling (elektromagnetisk) eksponering			
	Støy eksponering			

Verken støy eller elektromagnetisk stråling er ein gjennomgåande problem her i fylket. Kommunane bør likevel vere merksam på ein viss aukande tendens innafor eksponering for støy i utsette område. Dette er noko ein bør legge vekt på i arbeid med og forvaltning av arealplanar, og særleg ved søknader om dispensasjon.








DIMENSJON: Miljømessig berekraft forts.....

KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
OFFENTLEGE ROM OG NATUR 	Grøntområder	3.81		
	Grøntområder - tilgang	4.00		
	Verna naturområder	1.95		
	Rekreasjonsfasiliteter	2.05		

Tilgang til offentlig rom og grøntområde er rekna for ein viktig berekraftsindikator i storbyar. Med vår geografi og demografi er ikkje dette alltid like relevante indikatorar.

Indikatoren som har fått nemninga «Rekreasjonsfasiliteter» omfattar innadørs trenings- og aktivitetsfasilitetar (treningscenter, gymnastikksalar, svømmebasseng etc.) og utandørs idrettsanlegg og parkar og grøntområde sett av til rekreasjon. Her spriker resultatata mellom kommunane, og i analysane i kvar kommune må og ein og sjå dette i samanheng med tilgang på grøntområde. Tilgang til «rekreasjonsfasiliteter» er viktige for m.a. folkehelse og sosial inkludering, og ved svak score er dette noko ein bør sjå nærare på.


Fastsetting av verneområde ligg ikkje til kommunane, men dei har høve til å påverke dette. Indikatoren bør vurderast i ein større, regional samanheng enn på kommunenivå.

KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
ENERGI 	Andel fornybar energi			
	Elektrisitet - forbruk			
	Hushodninger –termisk energiforbruk			
	Offentlige bygninger - energiforbruk			

Få regionar i verda scorar høgare på fornybar energi enn vi i Møre og Romsdal. Dette er og bilde for resten av landet. Dette kan vi takke vasskraft, og etterkvart vindkraft.

At vi scorar i den motsette enden av skalaen når der gjeld forbruk av elektrisitet har fleire forklaringar. Noko av svaret ligg i at vi brukar elektrisitet til oppvarming i langt større grad enn det som er vanleg elles i verda. Samstunds viser fleire andre indikatorar at vi nok har eit unødig høgt forbruk av energi. Gjennom sparetiltak og bruk av energieffektive og smarte løysingar bør det vere eit felles mål for oss å redusere energiforbruket.

DIMENSJON: Sosial berekraft












Dimensjon	Prosentsscore av maks. score	Tal indikatorar	Maks. score	Oppnådd score
Sosial	72.1	26	104	75
Sub-dimensjon	Prosentsscore av maks. score	Tal indikatorar	Maks. score	Oppnådd score
Utdanning, helse og kultur	81.8	11	44	36
Sikkerhet, boligpolitikk og sosial inkludering	65.0	15	60	39

Det er på den sosiale berekraftdimensjonen Møre og Romsdal scorar best. Dette trass i at på kulturområdet scorar vi «rødt» då indikatoren ikkje passar heilt for norske forhold. Trass i at vi gjennomgåande scorar høgt, er det og negative «overraskingar», både på fattigdom og for naudetatane.

Indikatorane som måler utdanning og sosiale forhold eignar ikkje i tilstrekkeleg grad å få fram variasjon internt i Norge. Her bør kommunane gå djupare gjennom supplerande statistikk innan t.d. integrering, universell utforming, barnevern, del tilpassa bustad.

DIMENSJON: Sosial berekraft forts....

KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
UTDANNING 	Studenter -IKT tilgang			
	Skoledeltagelse - gunnskole			
	Utdanningsnivå – høyere utd.			
	Lese- og skriveferdigheter - voksne			

Norske elevar har god tilgang til IKT i skulen. Gode ferdigheiter i data er avgjerande for at innbyggjarane skal kunne ta del i informasjonssamfunnet. Ein bør likevel ha eit spesielt fokus på grupper som eldre og framandspråklege som kan ha større utfordringar på dette området enn andre grupper.

Det norske systemet med pliktig, og gratis skulegang (grunnskule) sikrar god score på denne indikatoren. Frå andre datakjelder, t.d. Fylkesstatistikken veit vi at bildet er noko meir nyansert på vidaregåande, og kommunane bør ta med desse tala i si analyse av området.




Del av befolkning med høgare utdanning varierer, og kommunar bør legge utdanningsnivå i sitt bu- og arbeidsmarknadsområde til grunn i analysane.

Variasjon i utdanningsnivå mellom kommunane heng ofte saman med kompetansebehov i den lokale arbeidsmarknaden. Dette kan vere vanskeleg å endre, men eit tiltak som er foreslått av demografiutvalet er satsing på arbeidsfellesskap/kontorfellesskap. Her kan fylkeskommunen være en pådrivar.



Foto: Pål Normann Austnes

DIMENSJON: Sosial berekraft forts....

KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
HELSE 	Elektronisk pasientjournal			
	Forventet levealder			
	Mødre dødelighet			
	Legedekning			
	Sykehussenger			
	Helseforsikring/ Folkehelsedekning			





På helseindikatorane scorar kommunane i Møre og Romsdal høgt, og ganske jamt, men med nokre unntak. Legedekninga i distriktskommunane er gjennomgåande lågare enn den standard som vert nytta av FN. Resultata bør vurderast i høve til korleis det norske helsevesenet er organisert med ei «overlapping» mellom primær- og spesialisthelsetenesta. Samla legedekning for fylket er god.

Når det gjeld sjukehussenger i høve til befolkning ligg scoren her tett opp mot «lys grøn», og er ein indikator som er noko komplisert å tolke. Befolkninga i norske kommunar har i teorien tilgang til svært mange sjukehussenger, ikkje berre dei i eigen kommune/region. Dette har si forklaring i funksjonsfordeling mellom sjukehusa og «fritt sjukehusval». Ein betre indikator her kan kanskje være avstand (reisetid) til sjukehus.

Det er utvikla gode indikatorsett på folkehelse, men færre for helsetilbodet. Det bør utviklast supplerande statistikk for dette området, slik m.a. fylkeskommunen sin samarbeidspartner [Helseinnovasjonssenteret](#) arbeider med.

Når det gjeld spørsmål knytt til folkehelse viser vi til den ferske «[Folkehelseundersøkelsen](#)».

DIMENSJON: Sosial berekraft forts....

KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
KULTUR 	Kuturbudsjett (kulturminne) - andel			
	Kultur infrastruktur			

Indikator for kuturbudsjett er knytt til kulturalar/kulturminne, ikkje kuturbudsjett samla: «Municipal expenditure on preservation, protection and conservation of all cultural and natural heritage»

Scoren på indikatoren for kor stor del av budsjetta kommunane nyttar på kulturformål (kulturminne) gir ikkje eit rett bilde av situasjonen. Årsaka ligg primært i at i Norge ligg ein større del av budsjett knytt til kulturalarv på stat og fylkeskommune enn det som er lagt til grunn ved utarbeiding av indikatoren.






Indikatoren som er brukt er relevant på nasjonalt nivå, men på kommunenivå bør ein eventuelt sjå på andre indikatorar og supplerande statistikk på kulturområdet.

Møre og Romsdal fylkeskommune ved Kulturdirektøren vil ta eit initiativ for å utvikle supplerande indikatorar/indikatorsett på dette området.



Foto: Monica Kjøll Tornes










DIMENSJON: Sosial berekraft forts....

KATEGORI	Nøkkellindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
BOLIGPOLITIKK 	Uregulerte boligområder/slum			
	Utgifter bolig			

Norske hushald brukar ein relativt liten del av inntekta si på bustad, slik og i Møre og Romsdal. Dette gjennomsnittstalet skjuler likevel at låginntektsgrupper gjerne brukar ein høg del av inntekta på bustad.

Her kan ein med hell supplere med statistikk frå [Husbanken](#) som har ein eigen «Boligsosial monitor».

Vi registrer ikkje problem knytt til ikkje regulerte bustadområde/slum.

KATEGORI	Nøkkellindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
SOSIAL INKLUDERING 	Kjønnsforskjell - inntekt			
	Gini-koeffisient			
	Fattigdom			
	Valgdeltagelse			
	Barnehagedekning			




















Social inclusion is defined as the process of improving the terms of participation in **society**, particularly for people who are disadvantaged, through enhancing opportunities, access to resources, voice and respect for rights.

Kommunane i Møre og Romsdal scorar gjennomgåande relativt høgt på valdeltaking og barnehagedekning. På indikatorane for inntekt scorar vi i Møre og Romsdal svært godt på Gini-koeffisienten som måler økonomiske ulikheit i samfunnet (spreiing i inntekt og formue i befolkninga).

Ser vi på inntektsgap mellom kjønn er denne relativt høg i Møre og Romsdal, og gjennomgåande høgare enn i dei andre byane som er målt i Norge. Dette har ofte vore forklart med næringsstrukturen i fylket (høg del industri) men om ein samanheld kommunetala støttar ikkje dette denne teorien fullt ut.

Den svakaste scoren i denne kategorien finn vi på indikatoren for relativ fattigdom (under 50 % av medianinntekt). Vi veit frå forskning at fattigdom har ulike følgjeverknader som utanforskap, fråfall i skulen m.m. Det vil vere avgjerande både å finne ut meir om årsakene til fattigdom samt målretta arbeid for å motverke både fattigdom og følgjeverknader. Ein bør og sjå nærare på kvifor nokre (få) kommunar ikkje har like negative resultat på denne indikatoren- er det naturlege forklaringar på det, eller er det noko å lære av desse kommunane?

DIMENSJON: Sosial berekraft forts....

KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
SIKKERHET 	Dødsfall -naturkatastrofer	Green		
	Økonomisk tap - naturkatastrofer	Green		
	Beredskapsplaner	Red		
	Befolkning i risikosone naturkatastrofe	Yellow		
	Responstid - nødetater	Red		
	Politi - dekning	Red		
	Brannvesen - dekning	Yellow		
	Voldskriminalitet - rate	Yellow		
	Dødsfall i trafikken	Red		

*Kommunane i Møre og Romsdal har beredskapsplanar, men ikkje etter ["SENDAL rammeverket"](#).

Kommunane i Møre og Romsdal scorar gjennomgåande godt på indikatorane i kategorien sikkerheit. Når det gjeld beredskapsplanar så er dette på plass, men dei følgjer ikkje FN/UNDRR sitt rammeverk SENDAL.

Når det gjeld valdskriminalitet så er det ulike måtar å kategorisere dette frå land til land, og Norge inkluderer meir i dette enn mange andre land, noko som gjer scoren kunstig låg. Får kommunar eit høgt tal her er dette likevel ein indikator ein bør følge med på, og eventuelt gjere tiltak om utviklinga held fram.

Det er likevel indikatorar fleire kommunar scorar lågt på, og som ikkje utan vidare let seg forklare med «teknikalitetar». På brann-, og særleg politidekning scorar fylket samla lågt. Måleininga her er årsverk per 100 000 innbyggjar. For politi er det berre ein kommune som er over 66 % av «target», mens for brannvesen er resultatane meir varierte.


Politidekninga i Møre og Romsdal er låg, og etter FN sin standard svært låg. Dette er eit statleg ansvar som ein må jobbe med politisk.

For brannvesen som er eit kommunalt ansvar kan det vere ein tanke å bli samde om ein felles standard, tilpassa lokale forhold, ein skal arbeide mot å nå.

Desse indikatorane måler ikkje kvalitet på tenestene, og ei meir fagleg analyse der fagetatane og andre som kjenner områda godt får medverke vert anbefalt før ein konkluderer endeleg på dette.

Sjølv om dødstala i trafikken var historisk låge i 2020, var talet for 2019 det høgaste vi har sett siste tiåret. Dette viser at det framleis må leggast ned mykje arbeid med trafikktrygging for å nå nullvisjonen også her i fylket.

DIMENSJON: Sosial berekraft forts....

KATEGORI	Nøkkelindikator	Gj. snitt score kommunar	Resultat	Variasjon score
LOKALMAT 	Lokalmat	NR		

Det er ikkje tilgjengeleg tal for lokal matproduksjon slik dette er definert i desse målingane. Det er heller ikkje gode tal for «sjølvbergingsgrad» på lokalt eller regionalt nivå (og heller ikkje nasjonalt ?). Dette gjer det vanskeleg å sette mål for dette området og jobbe målretta for å senke transport-fotavtrykket frå matvaresektoren.

Mat og matproduksjon er eit «heitt» tema i den offentlege debatten, ikkje minst knytt til transport, matsikkerheit, lønsemd i landbruket og sentralisering. Sjølv utan gode indikatorar er det derfor naturleg å jobbe vidare med tema mat i eit berekraftperspektiv, og då spesielt produksjon og distribusjon av «lokalmat». Ein auke i «lokalmat» har positiv verknad på fleire berekraftmål i forhold til «langreist mat» utan at det er påvist særlege negative verknader.

Samstundes bør ein sjå nærare på om det er mogeleg å få fram gode tal på denne indikatoren, og/eller jobbe med å ta fram andre relevante indikatorar.



Foto: Per Kvalvik

Oppsummering resultat

Den samla berekraftprofilen for kommunane i Møre og Romsdal gir ein «score» så vidt over grensa for kategori 3, dvs. 66 – 95 % av måltal. Variasjonen i resultat er stor, men mest mellom ulike indikatorar og mindre mellom kommunane. Dette gir grunnlag for å peike på både gode og mindre gode resultat for fylket samla.

På den positive sida merkar vi oss at infrastrukturen er godt utbygd, både den fysiske og digitale, sjølv om det på samferdselsområdet er svake punkt. Men tilstanden på infrastrukturen, og kor godt den blir nytta til å skape eit berekraftig samfunn er langt meir variabel. Vi er ikkje så digitale som det infrastrukturen gir rom for, VA sektoren har store vedlikehaldsutfordringar og vi er flinke til å samle inn avfall, men scorar svakt på resirkulering.

På samferdselsområdet er resultatata mest relevante for byane, og her er det transportmiddelfordelinga som er den store utfordringa. For lite kollektiv/sykkel/gange, og for mykje privatbil.

Målingane av arbeidsmarknaden i fylket ber delvis preg av «pandemi-tal», men samla viser tala at det må jobbast vidare med å styrke innovasjonskrafta i fylket.

Luftkvaliteten i fylket er gjennomgåande god, og det er lite problem med støy og stråling.

Klimagassutsleppa varierer mykje mellom kommunane og er samla «midt på treet». Om ein tar omsyn til at det er ei mogleg feilkjelde her (mogeleg feil i SSB tal for maritim sektor) samt at det kjem auka krav til utsleppskutt i åra framover er dette eit område vi må følgje nøye.

Ein kategori som er grøn, er tilgangen til grøntområde, samt idretts- og fritidsfasilitetar.

Norge, og Møre og Romsdal er leiande innan fornybar energi og befolkninga har god tilgang til elektrisitet. Det er framleis potensiale i el-nettet for fleire «smarte» løysingar som gjer at ein kan styre og utnytte elektrisiteten betre. Vi har og eit svært høgt forbruk av elektrisitet som, til dels unødig høgt. At offentlege bygg manglar berekraftsertifisering er ei delforklaring her.

Utdanningsnivået er samla bra i fylket, men spriket mellom kommunane er for stort.

På helseområdet er resultatata gode, sjølv om det her er noko sprik mellom kommunane.

Når det gjeld bustad er resultatata gode, men dei samla tala skjuler ei utfordring med at bustadutgifte er med å forsterkar inntektsforskjellar.

Sosial inkludering er eit område der resultatata varierer frå topp-score på fordeling av verdiane i samfunnet (GINI) til raude varsellamper på fattigdom.

Også på området samfunnsikkerheit ser vi tilsvarande sprik. Her ligg noko av forklaringa i at ein ikkje nyttar internasjonale standardar for beredskapsplanar, medan responstid naudetatar og politidekning (særleg i dei mindre kommunane) trekker ned den samla scoren.

Anbefaling tiltak og satsingar

Som oppsummeringa viser er det forbetningspotensiale på fleire felt, sjølv om profilen viser at Møre og Romsdal er eit berekraftig samfunn på mange område.

Vi har sett på dei største utfordringane og kjem med anbefalingar til kva som bør prioriterast for heile fylket framover. Dette er utfordringar som er for omfattande for kvar enkelt kommune og der ein løyser dei mest effektivt i eit breitt samarbeid. Fleire av desse tiltaka er og relevante på nasjonalt nivå, og då er det naturleg at aktørar i Møre og Romsdal søkjer nasjonale samarbeid eller initierer pilotprosjekt her i fylket. I tillegg er det opp til kvar enkelt kommune å initiere tiltak basert på dei lokale kartleggingane.

Vi vil understreke at dette er innspel basert på kartleggingane, og temaene bør kartleggast grundigare i samarbeid med fagetatar og relevante aktør før realisering.

Vi anbefaler følgjande fylkesdekkande satsingar:

- Smart og berekraftig VA sektor.
- Fattigdom og sosial inkludering
- Sirkulær økonomi
- Digitalisering off. sektor
- Offentlege bygg – berekraftsertifisering
- Lokalmat og mattryggleik

I tillegg foreslår vi at det vert etablert eit «Berekraftfond – Møre og Romsdal» som skal bidra med finansiering av desse tiltaka og andre tiltak knytt til berekraftkartlegginga.

Anbefalingane er ikkje nødvendigvis adressert til enkeltaktørar og det er opp til aktørane sjølv å ta initiativ innafor dei ulike områda. På nokre av satsingsområda er det allereie prosjekt og satsingar det er naturleg å bygge vidare på, og her viser vi til desse.



Samarbeid er nøkkelen til å lykkast med å gjere Møre og Romsdal til eit meir berekraftig samfunn.

Det felles kunnskapsgrunnlaget som ligg i dei kartleggingane som er gjort er eit solid fundament for å forsterke og utvide samarbeidet om å skape «Berekraftfylke Møre og Romsdal».

I offentlig sektor er «Møre og Romsdal 2025», som forpliktar og strukturerer samarbeid og samhandling på alle forvaltningsnivå ei god ramme for dette.

Gode samarbeidsforum nasjonalt i «Bærekraftnettverket» og internasjonalt mot «United Cities» og ITU/FN er og viktige pilarar i arbeidet.

Smart og Berekraftig VA sektor

Kartlegginga synleggjer store utfordringar med kvalitet og vedlikehald på vatn- og avløpsnettet. Sektoren har ikkje tatt i bruk den nyast teknologien eller vektlagt berekraftige løysingar i særleg grad.

Mange har peika på finansieringsmodellen (gebyr) som ei hindring for å få fart på fornyinga av leidningsnett. Enkelte tek til orde for at staten må gå inn med (betydelege) midlar i eit skippertak for å betre kvaliteten på drikkevatnet og korleis vi handterer overflate- og avløpsvatn. Professor Victor Norman er mellom dei som argumenterer for dette i kronikken [«Lider staten av vannverk?»](#).

I ein rapport av Norconsult og SINTEF som er omtala tidlegare i rapporten viser ein til at i dag er gjennomsnittleg gebyr 9.500 kroner. For Nordland, Troms og Finnmark og Møre og Romsdal antydar rapporten nærmare ei tredobling av gebyr fram mot 2040 med dagens finansiering. Dette viser at gebyrfinansieringa også har eit element av «sentralisering» innebygd, då auken i gebyr blir vesentleg større i rurale enn urbane strok.

Etter vår vurdering er statlege tilskot til sektoren nødvendige, men dei må innrettast slik at vi sikrar ein berekraftig og «smart» oppgradering av denne viktige infrastrukturen, og ikkje er med og forsterkar sentraliseringa.

Vi foreslår derfor at å utgreia eit statleg fond for «Ein Smart og berekraftig VA sektor» med arbeidstitel:



Fondet for ein Smart og berekraftig VA sektor

Målet er å få etablerte eit statleg, nasjonalt fond med sete i Møre og Romsdal der kommunar (eller alle kommunane) i Møre og Romsdal er pilotar for utprøving av modellen. Relevante aktørar i Møre og Romsdal vert oppmoda om å etablere eit samarbeid for å utgreie og realisere prosjektet.

Fondet er ikkje tenkt til alminneleg vedlikehald og nødvendige oppgraderingar i forhold til lovpålagt standard, men oppgraderingar som fyller kriteria for «smarte og berekraftige» løysingar. Føresetnaden for å søkje tilskot frå fondet er at ein har kartlagt VA området i forhold til «smart og berekraftig» ved bruk av indikatorsett og metode for datainnsamling og dokumentasjon av data etter godkjent standard/protokoll (må utgreiast).

U4SSC indikatorsett og metodikk kan vere retningsgivande for ein slik standard.

Tema som må utgreiast (ikkje utfyllande):

- Kriteria for tildeling frå fondet – ikkje til alminneleg vedlikhald.....
- Rapportering
- Resultatmål
- Organisering
- Finansiering (Enova er t.d. finansiert gjennom tildelingar over statsbudsjettet og påslag på nett-tariffen)

Møre og Romsdal har mange miljø som kan delta i eit slikt arbeid; kompetansemiljø på VA-sektoren og på berekraft, kompetansemiljø på fondsforvatning og eit næringsliv med brei kompetanse innafør fleire deler av sektoren. Møre og Romsdal er og den einaste regionen som har kartlagt kor «smart og berekraftig» VA-sektoren er heilt ned på kommunenivå.

Fattigdom og sosial inkludering

Kartlegginga viser svake resultat på indikatoren for relativ fattigdom, men med variasjon mellom kommunar, der byane kjem betre ut enn randkommunar og distriktskommunar. Følgjeveknader av fattigdom rammar barn og unge spesielt gjennom utanforskap og fråfall i skole mm. Kommunane har ansvar for mange av tenestene til denne gruppa, men samarbeid mellom aktørar i offentleg sektor kan styrke tenestetilbodet. Sosiale forskjellar har auka i løpet av pandemien, og utfordringane som venter med omsyn til sosial inkludering er venta å auke tilsvarande framover. Desse utfordringane må løysast av kommunane i samarbeid med statlege aktørar som NAV, Husbanken, BUFetat, Helseforetaket for å nemne nokre. Erfaringa viser og at eit systematisk samarbeid med frivillig sektor og aktørar innafør kultur og idrett gir gode resultat.

Gjennom programmet Møre og Romsdal 2025 er «Levekårsnettverket» etablert, eit strategisk samarbeid mellom statlege og regionale aktørar på velferdsområdet om oppgåveløysingar for å kunne gi gode og samordna tenester til kommunane. Møre og Romsdal 2025 startar også to prosjekt på utanforskap blant barn og unge, eit på systematisk arbeid med tiltak mot fråfall i vidaregåande opplæring, og eit på kommunale tiltak mot utanforskap blant barn og unge, der Levekårsnettverket vil delta for å forbetre samarbeidet mellom kommunar og statleg nivå mot utanforskap.

Det er også nødvendig å sjå nærare på utfordringane kartlegginga viser: kva er årsakene til dagens situasjon, kva tiltak har vi, korleis får vi til samla innsats for å motverke følgjeveknadene, korleis kan vi gjere det enklare å hoppe i sosial status, korleis skaper vi eit meir inkluderande samfunn.

Arbeidet mot fattigdom og med sosial inkludering må forsterkast og utvidast til å omfatte fleire aktørar. Ein bør og vurdere om det kan utarbeidast ein felles plan/strategi for dette arbeidet.



Foto: Terje Aamodt

Sirkulær økonomi

...eller kretsløpsøkonomi, er et prinsipp for økonomisk virksomhet som har som mål at ressursar blir i økonomien lengst mogleg. Dette ønskjer ein å oppnå ved å redusere råvarebruk, avfall, utslipp og energiforbruk til eit minimum

Gjenbruk, resirkulering, gjenvinning eller sirkulærøkonomi – ideen om å «bruke opp» eit materiale, produkt eller konsept før det blir avfall er både energiøkonomisk og ressursparande og bidrar til måloppnåing på fleire berekraftsmål.

Det vert jobba aktivt med å sirkulære prinsipp må mange felt i Møre og Romsdal; i akademien, i næringsliv, i renovasjonssektoren, blant offentlege aktørar og i frivillig sektor.

Ein bør sjå nærare på om det kan vere tenleg med ein overordna strategi for dette omfattande feltet for heile fylket, eller i eit samarbeid med t.d. Trøndelag. Møre og Romsdal og Trøndelag «deler» både renovasjonsselskap og universitet, så her kan det ligge til rette for eit strategisk og praktisk samarbeid.

Aktørar med satsingar innafor sirkulær økonomi vert oppmoda om å samarbeide for å legge enno meir styrke i dette arbeidet.

Verkemiddelapparat, kommunar, sektormyndigheiter og andre aktørar bør støtte opp om og legge til rette for prosjekt og satsingar knytt til sirkulær økonomi.



Digitalisering off. sektor

Grad av digitalisering i kommunesektoren er svært variert i Møre og Romsdal, og i sum er resultatene relativt svake. Likevel, fleire av kommunane i fylket er langt framme på digitalisering, og gjennom satsinga Digi Møre og Romsdal, der alle kommunane deltek, skal det gjennomførast eit felles kompetanseløft på digital transformasjon. Digi Møre og Romsdal skal også dele gode løysingar, forbetre fagleg samarbeid og utvikle felles løysingar. Slik kan forskjellane i digitaliseringsgrad reduserast på tross av store forskjellar i størrelse og ressursar mellom kommunane.

Kommunane vert oppmoda om å delta aktivt i dette arbeidet for å auke grad av digitalisering av off. sektor i fylket.



Offentlege bygg – berekraftsertifisering

Standardar som er inkludert er: BREEAM, LEED, CASBEE, BOMA BEST, BCA Green, Passiv hus, etc.

Offentlege bygg står for ein stor del av forbruk av energi og vatn, og erfaringane viser at sertifisering av bygg etter berekraftstandardar bidrar til å redusere dette.

Offentleg sektor bør gå føre som eksempel for andre som forvaltar større bygg, og vert oppmoda til å gjennomføre sertifisering av eigne bygg.

Mindre kommunar opplever at dei manglar kapasitet og kompetanse på området. Fylkeskommunen vil sjå nærare på om det er mogeleg å etablere eit felles kompetanseforum eller liknande på området berekraftsertifisering av bygg for å støtte mindre kommunar og andre aktørar med mål å auke talet på berekraftsertifiserte bygg, både i offentlig og privat sektor i fylket.

Lokalmat og mattryggleik

Kartlegginga viser at vi ikkje har tilgjengelege tal på lokalmat og mattryggleik. Mangelen på data på dette området gjeld for mange av dei andre norske kommunane som har gjennomført kartlegginga også. Videre arbeid med tilgang til slik data eller andre relevante indikatorar på område kan derfor med fordel bli løfta nasjonalt.

Likevel veit vi, mellom anna frå vår eigen [regionale planstrategi](#), at auka produksjon og konsum av lokalmat ei eit område med moglegheiter for utvikling i Møre og Romsdal i eit berekraftsperspektiv.

Lokal matproduksjon kan ha positiv verknad på alle dei tre berekraftsdimensjonane, sjølv om den i U4SSC-kartlegginga er plassert under den sosiale dimensjonen. I eit miljøperspektiv vil auka lokalmatproduksjon gi ein betydeleg reduksjon av behovet for transport. I eit økonomisk perspektiv kan auka lokalmatproduksjon bidra til lokal sysselsetting og auka lokale inntekter. Lokalmatproduksjon og -utsal kan og vere eit viktig bidrag for ei berekraftig turistnæring i fylket. I eit sosialt perspektiv kan lokal matproduksjon styrke mattrykkleiken, oppretthalde og styrke lokale mattradisjonar, og bidra til ein meir transparent matproduksjon.

Offentleg sektor kan gjennom innkjøpskrafta si bidra til auka og stabil etterspurnad etter lokalproduserte matvare. I dag er dette noko utfordrande fordi ein manglar gode system for bestilling og levering av lokalmat som tek i vare behova til kommunesektoren. Fleire norske kommunar og fylkeskommunar arbeider med å finne løysingar på desse utfordringane. Mellom anna har Volda kommune teke initiativ til eit pilotprosjekt for å bygge system som gjer det enklare for offentleg sektor å gjera innkjøp av lokalmat. Vi tek til orde for å støtte opp om og vidareutvikle dei initiativa som allereie er tatt, og undersøke moglegheita for å skalere opp prosjekta når dei er modne for det.

Vi ønsker også tett samarbeid mellom aktørar i Møre og Romsdal og andre regionar i Norge på dette området. Mange kommunar i Trøndelag skal etter modell frå Møre og Romsdal gjennomføre U4SSC-kartlegginga. Vi ser moglegheita for enda tettare samarbeid med Trøndelag i tida framover, og lokalmat og mattryggleik vil vere eit spesielt relevant område å samarbeide om.

I Møre og Romsdal vil miljø som dei knytt til økoparken på Tingvoll og «lokalmatklynga» på Smøla vere naturlege miljø å ta med i ei vidare satsing, berre for å nemne nokre få. Ei målretta satsing på lokalmatgrunderne gjennom hoppid er tiltak som bør vurderast.



Foto :Ole Helge Haugen

Berekraftfond – Møre og Romsdal

Skal samfunnet Møre og Romsdal nå dei ambisiøse måla som er sett på berekraftområdet, og næringslivet dra nytte av dei marknadsmoglegheitene som ligg i det «grøne» skiftet, er det behov for finansiering på ulike felt. Dette kan være forskning og kunnskapsinnhenting, pilotprosjekt og samarbeidsforum eller produktutvikling og testing. I dag kan det søkast midlar både hos private og offentlege aktørar, men bildet er uoversiktleg og det kan vere vanskeleg å koordinere støtta inn mot dei viktigaste innsatsområda. Eit felles berekraftfond vil og kunne vere ein god arena for å kople og samordne ulike initiativ og satsingar. Vi tar ikkje her stilling til kven som kan søke tilskot frå ein slikt fond, det blir opp til deltakarane i fondet å avgjere.

Vi oppfordrar både private og offentlege aktørar om å gå saman å sjå på om det er mogleg å få på plass eit berekraftfond for Møre og Romsdal som støttar opp om satsingane basert på berekraftprofilane i kommunane og for fylket.

Fylkeskommunedirektøren vil kome tilbake til korleis fylkeskommunen kan bidra i eit slikt fond.

Det er gitt positive signal om at eit slikt fond kan knytast opp mot tilsvarande fond i FN regi.



Forslag til vidareutvikling av indikatorsett

Ein av ambisjonane med kartlegginga som er gjennomført var å få praktisk erfaring som grunnlag for å vidareutvikle metode og indikatorsett. Dette og som eit bidrag til å utvikle eit nasjonalt indikatorsett.

I [NOU 2005: 05](#) – «Enkle signaler i en kompleks verden - Forslag til et nasjonalt indikatorsett for bærekraftig utvikling» vert kriteria for eit nasjonalt indikatorsett drøfta. Følgande punkt er vektlagt:

- Kven skal bruke indikatorane?
«...et hjelpemiddel for Regjeringen og sentralforvaltningenmange tiltak og handlinger har sin forankring på lokalt nivå. Det er derfor ønskelig at de indikatorer som foreslås i størst mulig grad også kan benyttes på et lokalt, ofte kommunalt nivå, og bidra til å belyse bærekraften i politikktutformingene her.»
- Indikatorer skal ikke gi fullstendig informasjon
- Indikatorsettet må være begrenset
- Utvikling av et indikatorsett er en dynamisk prosess

NOUen listar vidare opp ei rekke kriteria for eit nasjonalt indikatorsett. Kortversjon av desse finn du vedlagt denne rapporten. Desse kriteria er lagt til grunn for vår vurdering av U4SSC sitt indikatorsett og anbefalingar til vidareutvikling.

Eit av kriteria er at indikatorsettet skal vere internasjonalt samanliknbart. Dette gjer at det er ein omfattande prosess å endre U4SSC indikatorsettet og at vi ikkje kan gjere dette på eiga hand. Endringar må gjerast i samarbeid med ITU, FN sitt standardiseringsorgan. Vi kan likevel få på plass supplerande statistikk og tilleggsindikatorar for Norge som gjer U4SSC KPI til eit ennå meir egna kunnskapsgrunnlag. Vår erfaring med bruken av indikatorsettet på meir rurale kommunar viser at det på nokre (få) område er tenleg med eigne indikatorar for ulike kommunegrupper.

Med «kravet» om at indikatorsettet skal vere avgrensa bør ein ikkje utvide talet på indikatorar. Ein bør heller sjå på om det på nokre område er mogleg å slå saman fleire indikator til ein «samleindikator» for å redusere talet på indikatorar. Eksempel her være transportmiddelfordeling eller luftforureining der det kan lagast ein samleindikator av dagens indikatorar. Dette kan gi rom for eit avgrense tal nye indikatorar.

Vi vil i den vidare skilje mellom område der det er anbefalt å analysere resultat meir inngående ved bruk av eksisterande/supplerande statistikk og der vi meiner det bør utviklast nye indikatorar og indikatorsett. Det første er kommentert i analysen tidlegare i rapporten, mens område med behov for nye indikatorar blir drøfta i dette kap. Tanken er at dei «nye» indikatorane først kan nyttast som tillegg i dei norske analysane medan ein drøftar med ITU ei integrering i det internasjonale indikatorsettet. Vi vil og drøfte korleis kommunar og andre betre kan ta i bruk, analysere og formidle resultata av kartleggingane.

Det vert på denne bakgrunn forslått følgande grep i forhold til utvikling av indikatorsett:

- Saman med ITU vurdere å redusere talet på indikatorar gjennom «samleindikatorar».
- Klassifisere indikatorsettet urban/rural, dvs. angi kva indikatorar alle kommunar skal rapportere på og kva som er særskilt for ulike kommunegrupper (ITU).
- Vurdere om det skal utviklast eigne indikatorar internasjonalt for rurale kommunar (ITU), t.d. innafor landbruk, arealforvaltning og liknande.
- Etablere standard for regionale rapportar (ITU)
- Utvikle supplerande norsk indikatorsett for (nokre av) følgande kategoriar:
 - Landbruk
 - Fiskeri og fiskeforvaltning
 - Rural arealforvaltning
 - Hav/sjø/strandsone
 - Naturmangfald
 - Kulturområdet

For å gjere det enklare å analysere, formidle og ta i bruk berekraftkartleggingane anbefaler vi:

- Etablere, vedlikehalde og vidareutvikle ei portal med lenker til supplerande statistikk (nasjonalt)
 - Etter dimensjon, sub-dimensjon og kategori
- Gjere alle datapunkt som i inngår i U4SSC tilgjengeleg i offisielle dataregistrere (opne).
- Ta i bruk dataplattform utvikla av Atea i samarbeid med «Berekraftfylket» og ITU også for supplerande norsk indikatorsett.

Både innafor det nasjonale Bærekraftnettverket og i Bærekraftfylket Møre og Romsdal vert det jobba med ulike initiativ som kan bidra til å realisere dei grepa som er foreslått.

Bærekraftnettverket/KS bør ta ein koordinerande rolle i det vidare arbeidet med dette. Ein bør vurdere om det skal settast inn dedikerte ressursar til dette, t.d. tilknytt «United Future Lab Norway».

Nasjonalt er det såkalla «taksonomiprojektet» der m.a. KS og SSB er sentrale eit viktig arbeid for å kategorisere eksisterande indikatorsett på berekraftområdet. SSB sitt «oppdrag» om å lage nasjonale berekraftindikatorar støttar og opp om dette arbeidet.

Regionalt er det fleire initiativ og miljø som og jobbar med desse problemstillingane, særleg å utvikle supplerande statistikk og indikatorar. Det nyetablerte berekraftsenteret knytt til Tingvoll Økopark sitt initiativ for så sjå på rural arealforvaltning er eksempel på dette. Det same er Helseinnovasjonsenteret sitt arbeid med helseindikatorar.

Kristiansund kommune sitt arbeid med å integrere resultat og måltal for KPIar i det kommunale styringssystemet er eit godt eksempel på korleis kommunar kan ta i bruk berekraftmålingar.

For å gjere metodikken meir brukarvennleg og tilgjengeleg må følgande på plass:

- Data må gjerast lettare tilgjengeleg for kommunane.
- Datainnsamling og verifisering må digitaliserast.
- Metode og mal for analyse og presentasjon av resultat vidareutviklast.

Alle desse områda vert det arbeidd med i Bærekraftnettverket og i samarbeid med både offentlege og private aktørar, noko som vil gjere det enklare for fleire kommunar å ta dette i bruk.

Vår vurdering er at med dei tilpassingar og vidareutvikling som er foreslått vil U4SSC oppfylle alle krava sett til eit nasjonalt indikatorsett for berekraft slik det kjem fram i [NOU 2005: 05](#) – «Enkle signaler i en kompleks verden - Forslag til et nasjonalt indikatorsett for bærekraftig utvikling»

Dette inkluderer også kravet om internasjonalt samanliknbart og indikatorar på lågaste forvaltningsnivå, kommunar.

Vår erfaring tilseier at U4SSC KPI er ei berekraftkartlegging som både metodisk og fagleg kan nyttast av alle kommunar og regionar i Norge, og resultatata kan akkumulerast til resultat og berekraftprofilar på regionalt og nasjonalt nivå.

Regionmodellen

*Dette kap. er forfattet av BDO

Gjennom KPI-evalueringen av kommunene i fylket har BDO utviklet og pilotert en metodikk for en regionmodell. Med regionmodell menes hvordan alle kommunene i en region kan gjennomføre datainnsamling, få verifisert data og utarbeidet analyserapporter i en felles og samlet prosess. Formålet har vært å utvikle og bygge strukturkapital som, sammen med erfaring og kompetansen som er utviklet i prosessen, kan bidra til å gi effektiv støtte til kommuner eller fylkeskommuner som ønsker tilsvarende KPI-evaluering.

Prosjektet hadde oppstart i mai 2020. Frem mot oppstart hadde fylkeskommunen jobbet med etablering og forankring av prosjektet i alle kommunene. I første fase var det nødvendig å få på plass et solid fundament for prosjektstyring. Med fylkeskommunen som prosjekteier og 21 kommuner som prosjektdeltakere, har helhetlig planlegging og struktur, samt tydelig kommunikasjon vært avgjørende for gjennomføring og sluttresultat.

Prosjektet ble overordnet organisert med fylkeskommunen som prosjekteier, en styringsgruppe og en prosjektledelse. Styringsgruppen, bestående av representanter fra tre av kommunene, fylkeskommunen, Statsforvalteren, OiER, Sparebanken Møre og BDO, har fungert som beslutningsorgan gjennom hele prosjektet. BDO har stått for prosjektledelse og daglig drift av prosjektteamet, og har hatt løpende rapportering til prosjekteier og styringsgruppen.



Gjennomføringen av prosjektet og utviklingen av regionmodellen har skjedd med utgangspunkt i prosjektplan som ble vedtatt av styringsgruppen i første møte. Suksesskriterier og viktige læringspunkter fra prosessen kan oppsummeres med:

- Tidlig utnevning av ansvarlig for datainnsamlingen i den enkelte kommune og avklaring av denne ressursens tilgjengelighet
- Topplederforankring i hver enkelt kommune
- Dedikert prosjektledelse med nødvendig kompetanse til å ivareta både prosess og fagspørsmål
- Innledende risikovurderinger i prosjektplan og løpende risikostyring gjennom styringsgruppen
- Tydelige definerte roller og ansvarsområder i prosjektplan
- Behov for veiledning og støtte må tilpasses hver enkelt kommunes behov – det kan ikke forutsettes at alle har same muligheter til å løse oppgaven selv om de har tilgang på samme veiledningsmaterieil
- Møteplasser for løpende oppfølging og statusoppdateringer
 - Statusmøter med kommunene med fast struktur for felles informasjon og erfaringsdeling
 - Styringsgruppemøter med fast struktur og beslutningspunkter
 - Tett og løpende dialog og avklaringer mellom prosjektledelse og prosjekteier
 - Åpent diskusjonsforum i digital løsning (vi brukte Teams i dette prosjektet)
 - Tilgjengelighet i prosjektledelsen for oppfølging av prosjektdeltakere ved behov for ekstra oppfølging og bistand
- Strukturerte oppskrifter og veiledninger ble gjort tilgjengelig for alle på felles Teams-kanal
 - Systematiserte og standardiserte veiledninger for bruk av hjelpeverktøy, gjennomføring av datainnsamling, rapportering fra kommunene til prosjektledelse mv.
 - Tydelige kildehenvisninger på norsk for alle KPI-ene som grunnlag for kommunenes datainnsamling – for å sikre datakvalitet og like datakilder på tvers av alle kommunene.
 - Dokumentasjon og veiledning knyttet til ekstra vanskelige problemstillinger, herunder avklarende dokumentasjon der det var usikkerhet for tolkning av kvalitet på grunnlagsdata fra ulike kilder
- Kommunene jobbet med dokumentasjon direkte i Teams, som gjorde at prosjektledelsen til enhver tid kunne følge med fremdrift og behov for støtte

Parallelt med dette prosjektet har Atea jobbet med utvikling av en ny og forbedret plattform for datainnsamlingen. De har brukt erfaringene og kunnskapen fra denne prosessen til å bygge et mer brukervennlig grensesnitt, og som også gir flere analysemuligheter.

Eit kunnskapsgrunnlag for næringsutvikling

Skal vi lukkast med å utvikle meir berekraftige løysingar for framtida, treng vi at organisasjonar, innbyggjarar, forskings- og utdanningsinstitusjonar, offentleg sektor og næringslivet arbeider saman om å nå måla. Nettopp nyskapingskrafta som ligg i næringslivet spelar ei nøkkelrolle om vi skal lukkast med å nå berekraftmåla. I dette ligg det også betydelege moglegheiter for næringsutvikling og styrka konkurransekraft.

At det ligg eit betydeleg næringsutviklingspotensial i å jobbe med å løyse berekraftmåla var eit sentralt funn i arbeidet til den globalt nedsette [Business and Sustainable Development Commission](#), som leverte sin hovudrapport i 2018. I rapporten blei det rekna ut at berekraftmåla har potensial til å utløyse globale marknadsmoglegheiter verd 12000 milliardar dollar og moglegheit for å skape 380 millionar jobbar. Ein føresetnad for å få til dette er godt samarbeid mellom offentleg sektor som tenesteproducent og kjøpar, og næringsliv som tilbydar av produkt og tenester.

Innan kva for nokre fagområde treng vi nyskaping?

Kartlegginga gir ein peikepinn innanfor kva for nokre fagområde det er behov for nye teknologiske løysingar eller nye måtar å jobbe på, for at samfunnet skal utvikle seg i ei meir berekraftig retning. Gode dømer på slike område basert på fylkeskartlegginga i Møre og Romsdal kan vere VA-sektoren, avfallssektoren eller å legge til rette for meir sosial inkludering. Har vi bedrifter som kan bidra til å forbetre resultatane i kommunane i fylket innan desse fagområdene?

Kva for nokre kommunar og byar treng kva for nokre løysingar?

Kartleggingane gjer det også lettare for næringslivet å sjå kva for nokre behov kvar enkelt kommunane og byar har. Kven bør jobbe meir målretta med å betre vann- og avløpssektoren sin? Eller med energiforbruket? Kartleggingane gjer det lettare for bedriftene å komme i målretta dialog med kommunane om utvikling av nye produkt eller tenester. Om ein legg saman alle kommunar med like behov, så har ein til saman ein stor marknad for gode, nye løysingar.

Marknaden for nye og meir berekraftige løysingar er global

